



Fleire brannar dei siste åra har synt behovet for eit lokalt brannvern med kort reptonstid. ( Arkivfoto ).

**Med bakgrunn i eit dialogmøte med Utval for plan, teknikk og miljø om brannvernstrukturen i Kvinnherad er saka om brannstasjon og brannmannskap i Uskedalen aktualisert på nytt. Brannsjef Ljosdal og hans stab har lagt fram ulike modellar til løysing med estimat for kostnad, totalt 40 - 60 mill, kr for å kunna drifta eit brannvern etter dagens krav.**

Bakgrunnen for dialogmøte er strengare krav frå Direktoratet knytta opp til kvalifikasjonar, tilgjengelege fasilitetar, utstyr, rekruttering og tryggleik. Det er registrert auka i oppdrag i ekstremisitasjonar, meir naturskapte hendingar og det vert i åra framover lagt vekt på auka førebyggjande arbeid.

Uskedalen er i dag ein av 8 stasjonar. Arbeidstilsynet krev oppgadering i høve til utforming og miljø. Dagens modell inneber ein kostnad på 35 mill. kr til ombyggingar og 20 mill. kr. til utstyr.



Brannsjefen går for modell 2, som inneber at brannstasjonen i Uskedalen vert nedlagd.

Modell 2 med tre stasjonar krev ein kostnad på 27 mill. kr til bygg og 13 mill. kr til utstyr. Med ein forenkla struktur og færre stasjonar ventar ein ei innsparing årleg på kr. 800.000,- i driftskostnader. Talet brannmenn vert redusert frå i dag 80 til 48 personar. Men denne modellen krav auka bemanning i Rosendal og på Husnes.

Modell 3 med 6 stasjonar, der Uskedalen heller ikkje er med, krev ein kostnad på 50 mill. kr totalt. Her ligg det inne ei sparing på drift på årleg kr. 900.000,- Talet brannmannskap vert redusert frå i dag 80 til 60 personar.

Brannsjefen går for modell 2 med tre stasjonar. Modellen er innafor Direktoratet sine krav til responstid. Hovudverneombodet, Gunnhild Kvåle, bed Kvinnherad Brannvern ta ansvar og gje mannska godkjende fasilitetar. Arbeidsmiljølova ligg i botn og kan ikkje fråvikast.

Uskedalen.no er ikkje kjend med vidare saksgang. Det er så langt vi kjenner til ikkje laga sak på ny brannvernstruktur. På dette stadiet var det snakk om eit dialogmøte med den nye fagkomiteen.

Uskedal utvikling har alt hatt eit internt møte der saka vart drøfta med ulike partar. Etter den siste garasjebrannen i sentrum natt til 1. nyårsdag er mange opptekne av branntryggleiken og behovet for eit lokalt brannvern med kort responstid.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal